

Eg viser til telefonsamtale knytt til Haugaland Kraft si rolle i omstilling av Kvinnherad Energi, nettdelen, som no pågår. Kvinnherad kommune har motteke førebels bod frå Haugaland Kraft, som vi også har frå BKK.

På bakgrunn av desse boda ynskjer Kvinnherad kommune å gå vidare med planen om fisjon/fusjon av nettdelen av selskapet, jfm vedtak i kommunestyret 25.4.

Haugaland Kraft stiller spørsmål til korvidt ein her har reelle forhandlingar . Dette ser dei i lys av enkelte uttaler som fann stad i kommunestyremøte 25.4 og som bar preg av å snakka BKK si sak.

På bakgrunn av dette har underteikna tatt saka opp med forhandlingsutvalet som vart oppretta i same kommunestyremøte.

Forhandlingsutvalet vil på det sterkaste gje uttrykk for at ein her har reelle forhandlingar. Uttale frå einskilde kommunestyrerepresentanter knytt til vurderingar ift HK eller BKK skal ikkje vektleggjast i denne omgang.

Forhandlingsutvalet har starte sitt arbeid og ser fram til å motta ytterlegare konkretiseringar av bod både frå HK og BKK.

Det er også viktig å understreka at det er nå i tida fram mot neste kommunestyremøte ein konkret skal samanlikne boda som vil framkomme.

Vi ser fram til konstruktive forhandlingar.

Beste helsing

Ragnhild Bjerkvik
kommunedirektør